

Ferdig utfylt skjema sendast på e-post til hanne.espe@hfk.no

Inntekter		Utgifter	
		Kursing av ansvarleg for klatregruppa	2 000,-
Arrangera brattkortkurs, vår - inntil 12 deltakarar	9 600,-	Kurshaldar	8 000,-
Arrangera brattkorthurs, haust - inntil 12 deltakarar	9 600,-	Kurshaldar	8 000,-
Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	33 000,-	Kjøp av eget utstyr til fjellsportgruppe - tilbud 4 komplette sett ++	20 900,-
		Frakt, kjøp av utstyr	300,-
		Arrangement saman med Barnas Turlag Sund	2 000,-
		Klatredag, bli kjent med klatring for barn og ungdom (familiedag)	6 000,-
		Vedlikehald av utstyr	5 000,-
Sum	52 200,-		52 200,-

Tilleggsinformasjon knytt til finansiering;

Vi har starta opp fjellsportgruppe i Sund Turlag, DNT fjellsport Sund

DNT ynskjer at leiar for fjellsport gruppa og aktiviteten i fjellsport gruppa har instruktør kurs, det kurset ynskjer vi å dekke for ho som tar på seg ansvaret for fjellsport gruppa mot at ho forpliktar seg for minst to år.

Barn/ungdom frå 13 år kan delta på brattkortkurs som leder til brattkort. (Det er halde eit brattkort kurs hausten 2015. Det blei lånt utstyr til kurset. Kurshaldar kosta oss kr 8000,-. Det var 12 deltakarar på kurset og flesteparten av deltakarane var ungdom i alderen 13 til 26. Nytt kurs er etterspurt.)

Vi ser også for oss å kunne arrangere brattkort kurs retta spesielt mot barn og ungdom der kursavgift er mykje lågare eller utan kursavgift. Invitasjon til deltaking på slikt kurs kan gå gjennom at dei som er med på arrangement med fjellsport gruppa og der viser stor interesse for klatring blir innvitert.

Det er ynskje om å kjøpa inn eige utstyr 4 komplette sett med: sele, brems, karabinkroker, hjelm, tau og kalkpose, samt 10 par sko i assorterte størrelser, ekspress slynger, kropssele for dei aller minste m.m. Utstyret er tenkt for utlån til medlemmer av gruppa og til kurs og arrangement som gruppa arrangerer.

Det har vært samarbeid med Barnas Turlag Sund om klatre-aktivitet, dette vil vi gjerne gjennomføre fleire gonger, tanke om to ganger i året.

Det er tanke om å setje av datoar der det vert «klatresamlingar» i Telavåg/Glesnes for ungdom og born, der vi stiller med utstyr og oppfordrar både folk med og utan brattkort til å komme å klatre. Denne samlinga håpar vi å kunne arrangera saman med andre, til dømes friidrettsgruppa.

Det er eit vaksande klatremiljø i Sund. Det er ynskje at ungdomane i fjellsport gruppa som har brattkort organisere eige klatresamlingar, vi har fleire flotte klatreveggar i spektakulære omgivnader. Et perfekt utgangspunkt for å skape klatreglede hos born, ungdom, gjerne også som familieaktivitet.

Ved arrangering av kurs blir det også dugnad i tillegg til betalte instruktørar.

Ved arrangement blir det berre dugnad og ingen betalte instruktørar, litt leige av utstyr / innkjøp.